


Undersøking til å bli i godt humør av



STOR STEMNING: Spørjeskjemaet fekk løften fram hjå veninnene Bjørg Taule Murberg, Helga Olsvold og Oddveig Taule.

RADØY: På parkeringsplassen står den svære bussen til Stattens Helseundersøkingar. Inne på det provisoriske venterommet i helsehuset sit tre damer og ler så fårene trillar!

ATLE VAAKE

– Vi ler av spørjeskjemaet – dette er verkeleg spennande saker, ler Bjørg Taule Murberg, Helga Olsvold og Oddveig Taule. Dei tre er veninner til vanleg, og når dei treffer kvarandre tilfeldig på venterommet stig stemminga raskt flere hakk.

Særleg eit av spørsmåla fell i smak hjå travle husmødre i jobb: „...Føler du at du får gjort alt det du vil?“

– Nei, kven gjer vel de, ler dei. „...Kor ofte dei siste fire vekene har du følt deg roleg og harmonisk?“

– Vi er rolege og harmoniske heile tida, vi! Meir latter. „Reine sjølvmeldinga,“ konstaterer dei blide damer medan kulepennane snurrar.

– Men frå spørk til alvor, tilbodet om helseundersøking tek vi sjølvsagt imot. Det er ingen grunn til å gjera noko anna, seier dei tre før dei vert henta inn i bussen for å motta apparatetar Jens Mjeldheim. Han er teknisk leiar for bussen, og ein slags altmogleg-mann ombord.

– Her hjå meg vert dei registrert, og vi finn vekta og høgda, fortel Mjeldheim.

– Eg håpar eg ikkje har krympa, for eg har ikkje noko å mista,

smiler Bjørg Murberg, for den elektroniske målaren stoppar på 153 centimeter. Værsågod neste!

Målet er bevisstgjering


Den andre stasjonen er hjå avdelings-sjukepleiar Ellen Lenmo. Her vert liv- og hofftemål funne, blodtrykket målt, og det vert tatt blodprøve.

– Stikket i armen gjer meg ingen ting. Men livmålet er hemmeleg, ler Bjørg, før det er det tid for ein prat om spørjeskjemaet ho har fyllt ut.

– Blodprøvene er for å måla fettstoff og blodsukker. Dessutan vert noko brukt til forskning, fortel Ellen Lenmo. Ho seier hovudmålet med undersøkinga er å bevisstgjera folk.

– Mange kvinner trur menn er mest usette for hjarte-karsjukdom, men det stemmer ikkje lenger etter overgangsalderen. Vi prøver å snakka med dei om matvanar, mosjon og røyking, seier Lenmo.

Ho trivst godt med å driva førebyggande arbeid på denne måten.



VIL BEVISSTGJERA: – Vi ønskjer å gjera folk bevisst på matvanar, mosjon og røyking, seier avdelings-sjukepleiar Ellen Lenmo, medan ho tappar dei nødvendige drøper blod frå Bjørg.

– Det er langt betre å mota folk på denne måten, enn etter at dei har blitt sjuke, seier ho, før Bjørg vert permittert.

Ho får svar på sine blodprøvar om nokre veker. Litt seinare vil svaret foreligga, om korleis tilstanden er på Radøy og i Nordhordland, samanlikna med resten av landet.

FAKTA:

Helseundersøkinga som pågår no er et tilbod til alle i alderen 40 til 44 år. Formålet er å forebygga hjarte- og karsjukdomar. Ein svarar på eit spørjeskjema, og tek ein helsejekk i ein spesialbygd buss. Alle som er med får svabrev etter nokre veker, og folk i ulike risikogrupper får tilbod om etterundersøking. Etter at det helle er avgjutta kjem ein rapport for tilstanden i vårt fylke.



ALT MOGLEG MANN: Jens Mjeldheim er altmogleg-mann ombord. Hjå han får Bjørg mellom anna målt høgde og vekt.

HIBA HUS

– med utelege moglegheiter...



Gunstige skattereglar gir deg skattefrie inntekter ved utelege av leilighet i eigen bustad (mindre enn halvparten). HIBA 157 er ein innhaldsrik og praktisk bustad med stor 3-roms uteleigehusvære i underetasjen.



HIBA 152
Ein dynamisk bustad som kan varieres alt etter storleiken på husstanden. Howdetasjen held seg konstant, og underetasjen kan være uinntatt, med 1-3 soverom, med uteleigel eller som del av generasjonsbustad.

HIBA HUS er solid forankra i god norsk byggetradisjon, og tilpassa vort røffe Vestlands-klima. Vi tek godt vare på deg som kunde, og tilbyr - god standard som, bygger på solide kvalitetar - en solid HIBA HUS forhandlar lokalisert i lokalmiljøet - fleksibilitet og alternative val og leysingar

Kontakt din lokale HIBA forhandlar, og få tilsendt ein gratis husmeny!



HIBA
STEVNEBØ TRELAST AS
5125 Bøvågen
Tlf. 56 37 00 08 Fax 56 37 03 75

MEDLEM I BYGGER'N-KJEDEN